

Fagfelle-rapport om bachelorprogrammet i Arbeids- og organisasjonspsykologi ved Det psykologiske fakultet, UiB

Det var kalla inn til eitt intervju som vart gjennomført digitalt onsdag 9.6.21. Intervjuet tok cirka 90 minutt. Dei som var til stade var tre studentar på 3. året som alle har levert bacheloroppgåva. Dei tentative spørsmåla i oppdragsbrevet vart i utgangspunktet brukt, og så vart det stilt oppfølgingsspørsmål for å få avklare moment og få meir presisjon. Teksten er i så stor grad som mulig referat frå intervjuet, der eg har tatt med dei momenta som kom fram. Teksten er i liten grad redigert, for å få fram studentane sine synspunkt.

- Kva opplevast som positivt/bra med BA i generell psykologi/arbeids- og organisasjonspsykologi?
 - Ein del fag som er veldig relevante for arb-org. Forelesarane er forfattarar av pensum. Kan spørje inngåande om ting. Grei mengde med forelesingar. Opplegget er fint. Greie lærebøker som ikkje er for tunge, men heller ikkje for letteste. Innføringsdagen er god. Progresjonen er god: første året var tyngst. Då var det mest å lese. Veldig mykje generell psykologi i byrjinga av programmet, og meir spissa seinare. Andre og tredje år kunne nesten vore snudd om. Blir ikkje vanskeligare etter kvart, men blir meir spesialisert. Første året kan virke litt lite relevant, for eksempel biologisk psykologi. Mykje generell psykologi då. Ville hatt meir arbeids- og organisasjonspsykologi Første semester er det mykje historie, som er lite relevant. God rekkefølge på arb-org faga.
 - «Erfaringsbasert læring» gikk over tre dagar, og skulle hatt meir av det. Der brukte studentane det ein hadde lært i studiet. Hemmeleg oppgåve som måtte taklast der og då, det var veldig bra. Merete Åsland var veldig bra.
- Kva opplevast som negativt/dårlig med BA i generell psykologi/arbeids- og organisasjonspsykologi?
 - Det mest negative er at arbeids- og organisasjonspsykologi er eit praktisk fagområde, men det er ingen praksis i programmet, berre teori. Ingenting om korleis ein skal oversette teori til praksis. For lite praksis. Kunne brukt teorien meir i praksis. Får ikkje vist alt ein kan. Studentane vil ha meir erfaringsbaserte dagar. Det snakkast mykje om at midla går til profesjonsstudentane. Arbeidslivsrelevans manglar. Livet etter BA, kva er det? Mange går ikkje MA. Det er eit praktisk fagfelt, men faget er veldig teoretisk. Har spurt etter dette, men får veldig overflatiske svar.
 - Mykje inkonsekvent informasjon frå leiinga av programmet om organisering, mykje som vart bytta om i siste liten. Forelesarane er ikkje samsnakka. Studentane får ulike svar på same spørsmål. Dårleg og lite oppfølging. For få forelesingar.

- For lite aktive læringsformer. Vurderingsformene: overflatiske. Vurderer ikkje kva ein kan utøve, men dei som skriv godt kan få god karakter utan å kunne noko særlig. Forma på svaret er viktig, i mindre grad kva ein kan. Ein av studentane har erfaring frå arbeidslivet og gjer det godt der, men har ikkje fått gode karakterar i studiet, sjølv om ho gjer det godt på jobb og brukar det ho har lært i programmet der. Karakterane gjenspeilar ikkje det ein kan.
 - Læringskriteria og vurderingsform: kunne hatt fleire vurderingar i året, i staden for ein. Løypande vurdering vil studentane ha. Meir fokus på kva som krevjast for ulike karakterar. Ser ikkje samanheng mellom karakter og innsats. Paradoksalt med dårlig undervising på psyk. fak. som har teori og forskning på dette. Burde hatt meir pedagogikk hos forelesarane. Tilsette klagar på at dei ønsker å forske, men må også undervise. Det har blitt sagt på forelesing at «Eg får betalt uansett om dykk står eller ikkje». Mangel: Kva kan ein gjere i faget vidare?
 - Det er dårlig kommunikasjon mellom dei fagansvarlige i fag som går parallelt. Alle innleveringar og presentasjonar kjem samtidig. Disse kunne vore fordelt betre over semesteret, men dei fagansvarlige kjenner ikkje til kva som blir gjort og kva studentane må gjere i andre emne. Surmuling mellom enkelte tilsette. Steile frontar mellom tilsette. Dårlig kjemi og dårlig kommunikasjon mellom tilsette.
 - Grunngeving etter eksamen: fikk tre-fire setningar, som er for lite og for generelt til at det kan brukast til noko. Får ikkje tilbakemeldingar eller for korte tilbakemeldingar på arbeidskrav. Får ikkje individuelle tilbakemeldingar.
 - Samhaldet blant studentane i studiet kunne vore betre, studentar må treffe andre studentar i faget. Det har vore vanskelig å finne nye sosiale kontaktar. Vart ikkje kjent før på andre året, fjerde semester, då studentane hadde sine egne forelesingar i arb-org, og var ikkje saman med profesjonsstudentane eller studentane i BA i generell psykologi. Skulle hatt fleire arb-org fag tidligare i studiet. Fagansvarlege kunne delt studentane inn i faste grupper, slik at ein får sin gjeng og det vil gjere det betre sosialt. No lagar ein grupper, så dette kan ha blitt ordna.
- I kva grad opplevast ein raud tråd i programmet (både innhald og kronologi av kurs)?
 - Det er ein rød tråd. God oppbygging, med grunnlagsemna først. For eksempel å ha hatt personlegdom før ein har leiarspsykologi og personlegdom der. Ser dette seinare, såg det ikkje tidlig i programmet.
 - Det er ein fordel å ha erfaring frå arbeidslivet før ein tar studiet. Skal ein jobbe med personalet så må ein vite korleis dei skal handterast i praksis. For lite praksislæring rundt angst og stress. Korleis identifisere angst og stress og korleis handtere det burde vore tatt opp i programmet. Det er relevant for dei som skal arbeide med personale.
 - Kva kan/bør forbedrast?
 - Meir psykisk helse.

- Emnet Personalpsykologi er for likt emnet arbeids- og organisasjonspsykologi.
- Korleis opplevast dei ulike undervisningsformene (forelesingar, seminar og obligatoriske aktivitetar)?
 - Forelesingar: ikkje fungert så bra. Er 300 studentar og det er vanskelig å ta ordet. Kor flinke er forelesarane? Nokre er ikkje så gode. Overtal av dårlige forelesarar, spesielt i generell psykologi, men det er betre i arb-org faga. Enkelte er lite engasjerande. Å forelese er ikkje det dei tilsette ønsker, dei vil forske. Ein del snakkar berre om eigen forskning og det lærer ein ingen ting av. Kunne latt vere å gått på dei fleste forelesingar. Ofte overflatiske forelesingar. Kunne hatt meir seminar.
 - Seminara har vore veldig bra. Dei blir leia av studentar som likar å undervise. Også bra at det er mindre grupper. Kunne hatt meir seminar. Mest første året. Seminarlærarane er ofte beste lærarar.
 - Folk som hentast inn frå BI for eksempel veit ingenting om kva studentar han/ho skal forelese for, kva nivå studentane er på, kva bakgrunn dei har frå programmet osv. Dårlig kommunikasjon mellom innleigde forelesarar og dei som har emneansvar. «Erfaringsbasert læring» er det beste i programmet.
- Korleis opplevast vurderingsformene – gir dei studentane ein god og rettferdig moglegheit til å dokumentere sine kunnskapar, ferdigheiter og generelle kompetanse?
 - Har evalueringar etter kvart emne. Når ein får god karakter så blir emnet vurdert som godt. Dei som gjer det dårlig synes også emnet er dårlig. Burde hatt evaluering før eksamen. Mange sjekkar ikkje UiB-eposten sin, der e-post evalueringa blir sendt. Burde hatt munnleg vurderingsform, eller meir variert. Ikkje berre skuleeksamen. Brukast lite pengar på å utdanne studentar i arb-org psykologi. Ein sit mykje heime og les, det blir einsidig. Skal ein fortsette med skuleeksamen så må ein ha fleire caser. Det er nært arbeidslivet.
 - Ved skuleeksamen heime er det mulig å skrive ferdig eksamenssvaret før eksamen, så ordne litt på det, fordi veit kva som kjem. Det er stort sett dei same eksamensspørsmåla kvart år. Kan klippe og lime. Folk sel eksamenssvar på nettet, som har A og B. Destruktiv leiing går igjen i omtrent alle eksamenar. Bør heller ha case på dette, som vil gjere det vanskelegare å skrive eksamen på forhand.
- Korleis opplevast arbeidslivsrelevansen? Synspunkt på korleis dette eventuelt kan endrast/forbetrast?
 - Teori er viktig i arbeidslivet også. Det er viktige ting som blir undervist i, men studentane vil bruke det meir i praksis. Studentane kan mykje teori, men ikkje veit om ein kan bruke det.

- Fleire emne har ein hatt veldig bruk for i arbeidslivet: leiingspsykologi, motivasjonspsykologi, psyk110, hatt mykje bruk for dette. Disse emna er relevante, men har ikkje praksis som er ein mangel. Studentane ønskjer å ha praksis.
- Ein siste ting: ved oppstart vart studentane lova god oppfølging i studiet, og det har dei ikkje fått.

Oppsummering og vurdering

Studentane virka nøgde med det faglege innhaldet i studieprogrammet, og oppbygginga av programmet vart vurdert som god. Forelesarane vart stort sett vurdert som dyktige og kunnskapsrike, og seminarundervisinga fikk veldig gode vurderingar. Studentane etterlyste fleire emne i arbeids- og organisasjonspsykologi, men samtidig såg dei verdien av å ha emne i generell psykologi for å forstå prosessar som er viktige i arb-org, for eksempel leiing og motivasjon. Det kan verke som at balansen mellom generell psykologi og arb-org er adekvat.

Eit moment som gikk igjen i intervjuet var mangel på praksis i programmet. Det var den største mangelen i følgje studentane. Det dei hadde av praksisnær undervising vart vurdert særst godt.

Eit anna moment som gikk igjen var mangel på informasjon eller ulik informasjon om ulike forhold knytt til studieprogrammet: studentane meinte det var for lite informasjon om

- oppbygginga av programmet, spesielt ved oppstart for nye studentar
- informasjon av praktisk art som ser ut til å vere lite samkøyrte mellom ulike emne, og også innan same emne
- korleis ein skal skrive eksamensoppgåver, både oppbygging og innhald

For å sette dette intervjuet inn i kontekst, vart det samanlikna med resultat frå Studiebarometeret 2020. Dette viser at studentane i BA i arbeids- og organisasjonspsykologi scorar omtrent likt med det nasjonale gjennomsnittet for psykologiske fag på overordna tilfredsheit med programmet. Dette stemmer godt med at studentane er nøgde med det faglege innhaldet i programmet.

Den største forskjellen i negativ forstand mellom det nasjonale gjennomsnittet og BA i arbeids- og organisasjonspsykologi er på punktet «Tilbakemeldingar» der det er stor forskjell. Dette gjeld tal på tilbakemeldingar og mangel på konstruktive tilbakemeldingar frå tilsette. Dette stemmer overeins med det som kom fram i intervjuet. Tilbakemeldingar frå studentar vart derimot vurdert likt med landsgjennomsnittet, som også stemmer med det som kom fram i intervjuet.

På «Læringsmiljø» scorar BA i arb-org litt lågare enn landsgjennomsnittet, i første rekke på grunn av låg score på miljø mellom studentane og fagleg tilsette, som stemmer med det som kom fram i intervjuet. Det som i mindre grad stemmer med intervjuet er at det sosiale miljøet mellom studentane vurderast som litt betre enn landsgjennomsnittet.

I intervjuet vart mangel på praksis dratt fram som det største minuset med arb-org programmet, medan i Studiebarometeret scorar studentane i arb-org litt høgare enn landsgjennomsnittet for psykologi på «Tilknytning til arbeidslivet». Det er likvel underkategoriar der studentane i arb-scorar lågare enn det nasjonale gjennomsnittet i psykologi, og det gjeld kategoriane «Representantar frå arbeidslivet bidrar i undervisinga» og «Det er moglegheiter for å jobbe med prosjekt/oppgåver i samarbeid med arbeidslivet». Dette stemmer godt med det som kom fram i intervjuet.

Feilkjelder: det er berre tre informantar som har bidrege til rapporten, så det er usikkert om det som har kome fram er representativt. For å undersøke dette nærmare vart svara frå dette intervjuet samanlikna med resultat frå Studiebarometeret for 2020. Det viste samanfall mellom intervjuet og studiebarometeret på nokre område, men ikkje samanfall på andre område. Det kan vere at enkelte moment vart lagt større vekt på i intervju-gruppa enn det som er tilfelle blant fleirtalet av studentane.

Vidare er dei tre studentane intervjuja samtidig, som gjer at det kan vere eit visst sosialt press, slik at den som snakkar først legg føringar for det dei andre seier. Det kan ha spela ei rolle. Det vart mykje fokus på det som var negativt i programmet, og som vist så stemmer dette berre delvis med det som kom fram i Studiebarometeret.

Intervjuet peikar på ei rekke moment som studentane identifiserte som viktige. Det var stort engasjement i gruppa. Metoden eignar seg til å innhente data som kan brukast til å utvikle praksis, men det er vanskelig å summere opp ut over det som er gjort. Det er samsvar mellom det som kom fram i intervjuet og Studiebarometeret, som kan gi ein indikasjon som kan vere nyttig for fakultetet. På andre område var det mindre samsvar.

Trondheim, 17.8.21

Magne Arve Flaten

Magne Arve Flaten

Fagfelle-rapport om bachelorprogrammet i Generell psykologi ved Det psykologiske fakultet, UiB

Det var kalla inn til eitt intervju som vart gjennomført digitalt fredag 4.6.21. Intervjuet tok cirka ein time. Dei som var til stade var tre studentar på 3. året som har levert BA-oppgåva.

Dei tentative spørsmåla i oppdragsbrevet vart i utgangspunktet brukt, og så vart det stilt oppfølgingsspørsmål for å få avklare moment og få meir presisjon. Teksten er i så stor grad som mulig referat frå intervjuet. Teksten er i liten grad redigert, for å få fram studentane sine synspunkt. Til slutt har eg forsøkt å oppsummere og komme med nokre vurderingar ut over det som er synspunkta som kom fram i intervjuet.

- Kva opplevast som positivt/bra med BA i generell psykologi?
 - God tilrettelegging av emne tidlig i programmet, det er relevante emne, og det er god progresjon.
 - God balanse av innføringsemne og mange valemne til spesialisering. Emna blir stadig djupare. Rekkefølgja er bra. 60 studiepoeng valemne er veldig bra. Bra at ein kan spesialisere seg. Ein av studentane tok to studieår på eitt år, og gjennomførte såleis BA-programmet på to år.
 - Ein skal bli lektor i vidaregåande skule, og har på den bakgrunn denne vurderinga: 60 frie studiepoeng betyr at den som ønskjer det kan få undervisningskompetanse i andre fag, som er viktig om ein skal bli lektor. Emna overlappar med pedagogikk og spes. ped, så kan ein skifte over. Det gir valfriheit og det er bra. Det betyr også at ein kan bli kjent med andre på tvers av studieprogram.
- Kva opplevast som negativt/dårlig med BA i generell psykologi?
 - Ex. Phil kjem i fjerde semester, og kjem for seint i programmet meinte ein. Mykje av tema i Ex. Phil. er overordna og gir eit godt grunnlag for å forstå akademiske fag. Der er også ein del psykologi i Ex. Phil. som kunne ha kome tidligare. Ein annan student hadde ikkje reagert på plasseringa av Ex. Phil. i programmet.
 - Studentane ønskjer meir og betre informasjon om når enkelte valemne er tilgjengelige. Hadde få fag å velje mellom, mest arbeids- og organisasjonspsykologi-emne som ikkje var relevante for dei som går BA i generell psykologi. Lite og sein informasjon om kva fag som er tilgjengelige.
 - 60-70 % av relevante emne går på våren. Det må bli betre balanse slik at fleire relevante emne går på hausten.
 - Studentane fikk ikkje vite kva som var best å ta av kvalitativ og kvantitativ metode, og kva som var relevant for BA oppgåve. Instituttet eller fakultetet må presisere kva emne som er relevante for BA oppgåva.
 - Av valemna er det for lite om psykiske lidingar.
 - Programmet er bygd opp av enkeltlement, og ein må finne samanhengen sjølv, som er vanskelig. I ettertid ser ein samanhengen, men studentane får for lite informasjon om oppbygging av programmet og samanheng i starten av programmet.

- Om relevans og anvending: Kva er anvendinga av for eksempel affekt og kognisjon etter BA graden? Kva kan det brukast til? Det er for lite informasjon om arbeidslivsrelevans. Dette gjeld heile programmet.
- Kunne hatt eksamensskriving som ferdigheit, slik at ein var betre rusta til eksamen. Dette gjeld både struktur i eksamenssvar, og kva som skal vere med i eit godt svar, for eksempel kor mykje ein skal forklare eller kva ein må forutsette er kjent.
- I kva grad opplevast ein raud tråd i programmet (både innhald og kronologi av emne)?
 - Vanskeleg å sjå tråden, men skjønar det etter kvart. Skjønar det ikkje før ein tar emna, men skjønar det når ein nærmar seg slutten av programmet.
 - Kvifor kjem metode så seint i programmet?
 - Ex. Phil kom kasta inn, det same med artikkelskriving. Metode kunne kome seinare pga. ba-oppgåva. Artikkelleasing kunne kome seinare.
 - Meir informasjon om BA-oppgåveskriving og det kunne kome litt tidlegare, studentane kunne levert ein kortversjon tidlegare. BA-oppgåva er første gong studentane leverer eit lengre skriftleg arbeid. Det er stor kontrast til dei korte arbeidskrava som kjem tidligare i programmet. Kunne hatt ei eller fleire større innleveringar tidligare i programmet. Det ville førebudd studentane betre på BA-oppgåva.
 - Kva er fordelene med valemne relativt til kvarandre når ein vil bruke det seinare? Kva emne løner det seg å ta for å sette saman emna på ein best mogleg måte? Dette kunne vore klargjort betre frå instituttet.
 - Mest skuleeksamen, lite heimeoppgåver. Kunne hatt fleire heimeeksamenar.
- Kva kan/bør forbedrast?
 - Metode og artikkelleasing i 4. semester. Kvar skal disse plasserast i studiet? Studentane har ikkje noko svar, men stiller spørsmålet. Studentane lærte meir om artikkelleasing i BA oppgåva.
- Korleis opplevast dei ulike undervisningsformene (forelesingar, seminar og obligatoriske aktivitetar)?
 - Lite obligatorisk undervising og arbeidskrav, men synes det er fint og gir fleksibilitet. Men det er fint med krav. Obligatorisk aktivitet er bra for å vite kvar ein står. Likevel: Fekk ikkje tilbakemelding på obligatorisk innlevering i metode, og då er det bortkasta. Fikk ikkje svar når det vart spurt om innleveringa.
 - Små innleveringar er fint. God struktur. Gode forelesingar. Seminar med studentar var kjempebra. Og tryggare. Seminar med forelesarar, då kan ein falle av, pga. høgt nivå.
 - Forelesingane og undervisinga i metode var uoversiktlig og med lite struktur, og det vanskelig å henge med. Det er det faget der det er rom for mest

forbetring. Eit eksempel er ein forelesar som viste 20 slides på 10 minutt. For dårlig tid i forelesingane. Stor forskjell på forelesarane i faget. Enkelte disponerte tida godt, andre ikkje så bra.

- Arbeidskrav: set pris på at det er fleksibilitet. Det gir peikepinn på kva som er relevant for eksamen.
- Korleis opplevast vurderingsformene – gir dei studentane ei god og rettferdig moglegheit til å dokumentere sine kunnskapar, ferdigheiter og generelle kompetanse?
 - Vanskelig å seie. Ofte snevert. Kunne hatt både fleirsvars-oppgåver og essay.
 - BA oppgåva: studentane vart dytta inn i grupper. Dersom ein vil definere si eiga oppgåve må ein finne sin eigen case og spørje om nokon kan rettleie. Kan ikkje velje fritt. Det er misvisande då ein blir fortalt tidlig i studiet at ein kan velje fritt. Blir plassert i gruppe, kan ikkje velje sjølv. Om ein er lite etablert i studiemiljøet så kan det vere vanskelig i gruppa. Blir plassert saman tilfeldig. Studentane i gruppa har likevel ikkje ei betre løysing på korleis ein skal løyse dette. Enkelte fikk tema dei ikkje ville ha, sjølv om ein kunne rangere inntil åtte tema. Enkelte fikk tema dei ikkje hadde rangert, eller fikk tema som var langt nede på lista. Ein i gruppa fikk lite rettleiing fordi rettleiar hadde for mange studentar. Rettleiinga av BA-oppgåva var litt dårlig organisert, vart det som gikk igjen.
 - Skuleeksamen: heilt greitt, men kunne hatt ulike former som kort- og langsvar.
 - Heimeeksamen også. Bra at det ikkje er munnleg eksamen.
 - Behov for meir informasjon om korleis ein skal skrive eksamen. For eksempel kor mykje i dybden skal ein gå for å definere eller beskrive eit omgrep, eller kva som kan føresettast kjent og som ein ikkje treng ta med. Meir informasjon om eksamensskriving. I seminara er det mange som gir info om struktur, andre er opptatt av kunnskapen. Disposisjon til eksamen må ein ha meir om.
 - For sjeldan eksamensvurdering. Kontinueringseksamen i starten av neste semester burde ein hatt. Ueinigheit i gruppa om dette, tydeligvis for lite info om dette. Ein av studentane seier at fakultetet ikkje gir kontinueringseksamen, men andre seier at slik eksamen blir arrangert, men at det ikkje kallast kontinueringseksamen.
- Korleis opplevast arbeidslivsrelevansen? Synspunkt på korleis dette evt. kan endrast/forbetrast?
 - Programmet opplevast ikkje veldig arbeidslivsrelevant. Har ei stor potet av allsidigheit, så må ein spesialisere seg meir. Må ta master for å finne ein retning vidare. Har ikkje spesialisert nok kunnskap frå BA til å arbeide med noko. Studentar som går vidare på profesjon får godkjent veldig få emne frå BA i profesjon, sjølv om mange emne er omtrent heilt like. Konkret nytteverdi er betre i BA i arbeids- og organisasjonspsykologi.

- Ingen praksis. Ein av studentane skal bli lektor og må ha master. Råd til fakultetet: ha praksis i BA. Om det finnes muligheiter i arbeidslivet så er det ikkje kjent for studentane.
- Kva arbeidsgivarar kan vere aktuelle for dette programmet? Informasjon om kva ein kan gjere etter BA skulle vore gitt frå fakultetet. Kunne gitt eksempel i studiet om arbeidslivsrelevans. Fagdag-type ting. Slik ein har med utveksling. Alumnimøter kan vere ei løysing.
- Vegne vidare etter BA:
 - Dra til Danmark for å bli psykolog? Kunne vore meir opent om det, for det er mange som gjer det. Det er lite samsvar med studiar i Danmark, det er for lite kognitiv, utvikling og biologisk i BA-programmet. Vegne til DK er dermed vanskelegare for dei med BA frå UiB for ein må kompensere for manglane i programmet. .
 - Dersom ein kjem inn på profesjonsstudiet så byrjar ein på nytt der, følast det som. Får fritak for få emne frå BA-programmet.

Oppsummering og nokre vurderingar:

Studentane var nøgde med det faglege innhaldet i studieprogrammet, og oppbygginga av programmet vart vurdert som god. Forelesarane vart stort sett vurdert som dyktige og kunnskapsrike, og seminarundervisinga fikk gode vurderingar. Det faglege verkar veldig godt ivaretatt, med eitt unntak som eg kjem attende til.

Det studentane var mindre nøgde med var mangel på informasjon om ulike forhold knytt til studieprogrammet. Dette gikk igjen i intervjuet. Studentane meinte det var for lite informasjon om

- oppbygginga av programmet, spesielt ved oppstart for nye studentar
- kva valfag som var tilgjengelege og når dei var tilgjengelege
- informasjon gitt frå tilsette om kva tema ein kan skrive om i BA-oppgåva stemmer ikkje med studentane si oppleving av at ein blir plassert i ei gruppe og ikkje kan velje fritt
- korleis ein skal skrive eksamensoppgåver, både oppbygging og innhald
- kontinuasjonseksamen og om slik vart arrangert eller ikkje. Det var ulike meiningar i gruppa om dette, som antydde at informasjon om dette ikkje var nådd fram til alle
- arbeidslivsrelevans eller kva denne bachelorutdanninga kan nyttast til, for eksempel kva masterprogram den kvalifiserer til

Innhaldet i programmet vart vurdert som veldig godt, med unntak av PSYK202 Metode og PSYK206 Artikkellesting. Det verkar å vere mange som underviser i metode, og enkelte av disse fikk ikkje god vurdering. Det verkar også som at studentane saknar ein klarare samanheng mellom disse emna og BA-oppgåva. Det var likevel ikkje samsvar mellom studentane i plasseringa av metodeemnet i programmet. Det vart sagt at studentane lærte

meir av å lese artiklar i samband med BA-oppgåva. PSYK206 er vel meint å førebu studentane på å lese artiklar til BA-oppgåva, men dersom det ikkje fungerer og studentane lærer betre av å lese fokusert til BA-oppgåva, så er det kanskje ikkje behov for PSYK206?

For å sette dette intervjuet inn i kontekst, vart det samanlikna med resultat frå Studiebarometeret 2020. Dette viser at studentane i BA i generell psykologi scorar likt med det nasjonale gjennomsnittet for psykologiske fag på overordna tilfredsheit med programmet. Dette stemmer godt med at studentane er nøgde med det faglege innhaldet i programmet. Den største forskjellen i negativ forstand mellom det nasjonale gjennomsnittet og BA i generell psykologi er på punktet «Tilknytning til arbeidslivet». Dette heng saman med den mangel på arbeidslivsrelevans som studentane rapporterte. Den nest største forskjellen i negativ forstand er på punktet «Forventingar», som stort sett dreier seg om forventingane tilsette har til studentane. Studentane i BA generell psykologi scorar lågt på dette, og ei tolking kan vere at dei ikkje kjenner til forventingane til tilsette, som kan knytast opp til mangel på informasjon, som var det som kom klarast fram i intervjuet.

Feilkjelder: det er berre tre informantar som har bidrege til rapporten, så det er ikkje sikkert at det som har kome fram er representativt. For å undersøke dette nærmare vart svara frå dette intervjuet samanlikna med resultat frå Studiebarometeret for 2020. Det viste ein viss samanfall mellom intervjuet og studiebarometeret.

Vidare er dei tre studentane intervjuja samtidig, som gjer at det kan vere eit visst sosialt press, slik at den som snakkar først legg føringar for det dei andre seier. Det var likevel ikkje mitt inntrykk at dette var eit problem, då det kom fram at studentane hadde ulike synspunkt på same moment, for eksempel kvar Ex. Phil. passa inn i studiet.

Totalt så er det mi vurdering at dei momenta som kom fram i intervjuet er i tråd med resultat frå Studiebarometeret, som antyder at intervjuet identifiserer viktige moment som er bra, men også moment som kan forbeistrast i studieprogrammet.

Trondheim, 17.8.21

Magne Arve Flaten

Magne Arve Flaten